

Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Jan H. Tvedt AS

Troidhaugvegen 28
5032 BERGEN**Dykkar ref.****Sakshandsamar:**

Siril Sylta

Vår ref.2013/1785 - 0 -
25201/2013**Telefon****Arkivkode:**

138/7

Dato:

05.11.2013

*Delegert sak***Igangsetting til delar av tiltaket- naust/Endring av ansvarsrettar - gbnr 138/4
Tveiten øvre**

I vedtak datert 07.03.2013 vart det gjeve rammeløyve til oppføring av naust og kai på gbnr 138/4. Søknad om igangsetting gjeld begge tiltaka, men då ikkje vilkåra for igangsetting for kai er stetta, vert det kun gjeve løyve til igangsetting for naust her.

Søknaden gjeld om endring av alle ansvarsrettar.

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§ 23-4 til 23-6 vert søknad om ansvarsrett med funksjonar og ansvarsområde som skildra under avsnittet «Ansvar og kontroll» godkjent

Ansvarlege føretak skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk samt godkjente kontrollplanar. Arbeid må ikkje utførast utover det som er omfatta av igangsettingsløyvet.

Plan- og bygningstyresmaktene legg til grunn at ansvarleg søkjar formidlar aktuelle krav vidare til utførande føretak.**Ansvar og kontroll:**

Føretaket som vart godkjent for SØK og PRO i rammeløyvet, Ramm Salbu Arkitekter, er på grunn av tragiske omstende ikkje lengre aktuell som ansvarleg føretak. Det er motteke ny søknad om ansvarsrett for heile tiltaket.

Føretak	L/S *	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Byggmester Jan H. Tvedt AS	S	SØK/PRO/UTF/1/heile tiltaket

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning.

Plassering og høgdeplassing:

Omsøkte tiltak ligg nærare nabogrensa enn 4 meter mot gbnr 138/7 og 138/17. Då tiltakshavar er eigar av disse eigedommane, har ikkje kommunen funne grunnlag for å krevje samtykke for oppføring av tiltak nærare nabogrensa enn 4 meter. Tiltaket vert godkjent som omsøkt, jf. pbl § 29-4 tredje ledd.

Høgdeplassinga vert godkjent til kote + 0,00 for kaiplan, jf pbl § 29-4 første ledd.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Gebyr:

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ for 2013.

Skildring

Antall

Beløp

Skildring	Antall	Beløp
C.5.2.a Søknad om igangsetting	1	2.700
Totalt gebyr å betale		2.700

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Knut Bjørnevoll
rådgjevar

Siril Sylta
rådgjevar